



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

## **Møteinkalling**

---

**Utvalg:** **AU i verneområdestyret for SVR**

**Møtested:** Teams, Teams

**Dato:** 13.04.2021

**Tidspunkt:** 09:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 95207083. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Sidenummer
AU 22/21	Godkjenning av innkalling og saksliste		3
AU 23/21	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		3
AU 24/21	Orienteringssaker		3
AU 25/21	Søknad frå DNT sør om landingsløyve for Helikopter i samband med vedlikehald på Gaukhei turisthytte.		4
AU 26/21	Søknad om bruk av snøscooter og ATV med belte i samband med filming ved Lordehytta i Åseral kommune.		10
AU 27/21	[REDACTED]	X	18
AU 28/21	Søknad om dispensasjon til utplassering av basestasjonar for sporingsbjøller til sau i Dyraheio landskapsvernområde, Suldal kommune - Jon-Inge Vetrhus/Bråteit beitelag		24
AU 29/21	Eventuelt		30

**AU 22/21 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**AU 23/21 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar**

**AU 24/21 Orienteringssaker**



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47  
fmavjh@statsforvalteren.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2021/3048-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 09.04.2021

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	25/21	13.04.2021

### **Søknad frå DNT sør om landingsløyve for Helikopter ved Gaukhei turisthytte samt skifte av taktekke.**

Vedlegg:

1 Søknad helikopter DNT sør

### **Forvalters innstilling**

Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernombord* kap. IV pkt. 5.4.c får DNT sør løyve til landing med helikopter ved Gaukhei turisthytte i Bygland kommune. Utgangspunktet for transporten er Langevassdammen på Ljosland i Åseral kommune. Kart over flyruta går fram av saka. Løyvet gjeld for inntil 76 landingar i perioden 31. mai – 2. juli. Løyvet gjeld for frakt av materialar og utstyr i samband med skifte av tak og kledning på turisthytta. I tillegg frakt ut av diverse eldre materialar og utstyr ståande på turisthytta. Innafor desse tal landingar kan det også fraktast ved, proviant og utstyr som del av årleg forsyning til turisthytta.

Andre vilkår:

- Så langt som råd skal flyging skje høgare enn 300 meter over bakken. Det skal nyttast kortaste veg mellom landingsplassane.
- Om det vert observert villrein på strekninga må transporten utsettast til faren for forstyrring er forbi.
- Søkar har sjølv ansvaret for å hente inn samtykke til landing frå råka grunneigarar
- For løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark* må søknad sendast Åseral og Bygland kommune.
- Løyvet kan trekkast attende på kort varsel om omsynet til viltet tilseier det

Som grunngjeving for dispensasjonen legg arbeidsutvalet vekt på at transporten gjeld for eit avgrensa tidsrom i ei mindre sårbar tid på året. Det er stort vedlikehaldsbehov på bygningane og bruk av helikopter gjer at arbeidet og transport kan gjerast effektivt og innafor eit kort tidsrom. Sjølv om tal turar er høgt vurderast det likevel som meir skånsamt enn omfattande



snøscootertrafikk gjennom vinteren. Arbeidsutvalet føreset at helikoptertransporten vert organisert slik at ein samstundes får frakta ved, proviant og utstyr til turisthytta for sesongen 2022, og at behovet for bruk av snøscooter eller helikopter komande sesong difor vert heilt minimalt.

Med heimel i naturmangfoldloven § 48 får DNT sør løyve til å bytte taktekke på hovudhytta og sovehytte på Gaukhei turisthytte frå torvtak til tretak (planketak).

Arbeidsutvalet legg vekt på at det på sikringsbu/anneks er planketak frå før og at skifte av taktekke på dei andre bygningane gir eit heilskapleg preg på bygningsmassen. Vidare at det i forvaltningsplanen kap. 2.3.5 er opna for bruk av tretak i staden for torvtak på nye bygningar. Arbeidsutvalet legg vekt på at skifte av taktekke ikkje stirr mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Alt av bygningsavfall skal fraktast ut av verneområdet og leverast på godkjend mottak.

## Saksopplysninger

DNT sør har søkt om landingsløyve for helikopter i samband med eit større vedlikehaldsarbeid på Gaukhei turisthytte i Bygland kommune i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernombord. Det skal skiftast tak på hovudhytte, sovehytte og førarbu. Det skal også skiftast kledning og enkelte vindauge på hovudhytte. Det er søkt om inntil 76 transportar (landingar) i perioden 31. mai – 2. juli. 50 av desse gjeld transport inn, og 26 av dei gjeld transport ut av bygningsavfall mv. Utgangspunktet for transporten er Langevassdammen på Ljosland i Åseral kommune.

DNT sør ønskja i utgangspunktet at det på hovudhytta skulle nyttast torvtak slik det er på hytta i dag. I dialog med forvaltningssekretariatet har dei vurdert at bytte til planketak vil kunne redusere tal landingar monaleg, dvs med om lag 50%.

Søkjar opplyser at det er lekkasje i tak på hovudhytte. Det er ikkje lekkasje på dei andre bygningane men ønskjeleg å gjennomføre vedlikehaldet før det oppstår skade. Det er også ønskjeleg å gjere mest mogleg arbeid når ein først har utstyr på plassen. Total mengde takflate er oppgjeven å vera 350 m<sup>2</sup>. I tillegg til frakta som er knytt til skifte av tak og kledning skal det fraktast ut ein del gamalt utstyr (båt, vedovn, kjøleskap o.s.b) som er lagra der inne.

### Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernombord av 28.4.00.
- Forvaltningsplan for SVR, godkjent 2015.
- Naturmangfoldloven.

### Hjemmelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernombord vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernombord:



1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernombordet vert regulert av verneforskrifta kapittel 4. pkt. 5.1.c kor det heiter at start og landing med motordrevne luftfarty er forbode. I kapittel 4 pkt. 5.4.b heiter det at forvalningsstyresmakta etter søknad kan gje løyve til ”*Naudsynt luft- og snøscootertransport av materialar til hytter, klopper mv. og av brensle, utstyr og proviant til hytter og buer.*”

Når det gjeld arbeidet som skal gjerast på hyttene vurderer ein dette å vera søknadspliktig sidan det skal skiftast taktekke frå torv til planketak. Det er inga særskilt dispensasjonsheimel for dette i verneforskrifta. Denne delen av søknaden må difor handsamast etter § 48 i naturmangfoldloven (dispensasjon frå vernevedtaket). Etter denne paragrafen kan det gjerast unntak frå verneforskrifta om det ikkje stirr mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

## Vurdering

### *Vurdering etter naturmangfoldloven (NML)*

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfaldloven leggast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndighet. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet vurdere søknadane etter desse paragrafane

### *Kunnskapsgrunnlaget (NML § 8)*

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)), database for sensitive artsdata samt frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)).

Gaukhei turisthytte ligg sør-aust i verneområdet. Villreinen nytter områda kring Gaukhei i første rekke vinterstid. I barmarksperioden er det gjerne mindre bukkeflokkar som kan treffast på her. Villreinen nytta områda i større grad tidlegare. Villreinens bruk av områda må sjåast i samanheng med at totalbestanden i mange år har vore mindre enn før. Ulike ferdselshindre lenger nord kan også spele inn. I naturbasen er det merka av trekkorridor for villrein rett ved turisthytta.

På flygeruta frå Langevassdammen, utanfor verneområdet, er det registrert lokalitetar med raudlista fugl. Ut i frå tidspunkt og høgde under flyging er vurderinga at transporten ikkje kjem i konflikt med desse.

Ut frå kjend kunnskap er det ikkje andre særleg sårbare artar i områda som vert råka av transporten. Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert difor tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

### *Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).*

Frå Gaukhei turisthytte går det merka sommar og vinterløype mot Ljosland og til turisthyttene Øyuvsbu, Josephsbu/Kvinen og Tjønndalen. Gjennom året er det ein god del ferdsle i desse



løypene, særleg mot Ljosland og Bortelid i Åseral kommune. Anna ferdsel til fots utanfor løypene er særleg knytt til jakt, fiske og tilsyn/sanking av sau. I vinterhalvåret er det ein del transport med snøscooter til enkelte driftshusvære i desse heirområda, samt til dei nemnde turisthyttene i samband med provinatering, vedtransport og stikking av løypene. I samband med bygging av ny dam på Langevatn er det nyleg bygd ny drifteveg langs austsida av Langevatn og fram til Fosstjønn sør for Pytten fjellgard. Driftevegen stoppar rett utanfor verneområdet.

Ulempa er i første rekke knytt til støy av forbigåande karakter avgrensa til to veker tidleg på sommaren. Det er likevel viktig at ein ikkje berre ser på den aktuelle transporten isolert, men har eit langsigktig og heilskapleg perspektiv på motorferdsla i områda.

*Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)*

Søkar er ansvarleg for at transporten vert gjennomført på ein miljømessig god måte.

Det er mykje og naudsynt arbeid som skal gjerast på dei to bygningane og mengde transport vert difor stort med totalt inntil 76 landingar. Ved å bytte til planketak i staden for nytt torvtak ser søkar føre seg å kunne redusere transportbehovet monaleg. At det vil redusere transporten med så mykje som 50% synast likevel å vera høgt rekna. Inntil 76 landingar vil uansett utgjere ein monaleg auke i totale tal landingar i verneområdet for 2021. Bruk av helikopter vil likevel gjere at arbeid og flyging kan gjerast meir effektivt, og innanfor eit kortare tidsrom enn med bruk av snøscooter gjennom store delar av vinteren. Sjølv arbeidet er også lite praktisk å gjere vintertid. Søkar har opplyst at dei med desse turane også kan få frakta inn det aller meste av ved, proviant og utstyr for komande sesong.

#### *Skifte av taktekke – vurdering etter naturmangfoldloven § 48*

Etter denne paragrafen kan det gjerast unntak frå verneforskrifta om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Forvaltar si vurdering er at skifte frå torvtak til planketak/tretak ikkje verkar inn på verneføremål eller verneverdiane. Sidan det er tretak på sikringsbua vil skifte av taktekke på dei andre bygningane gi bygningsmassen ein meir heilskapleg utsjánad. Tretaket er også grått/mørkt slik at det ikkje vil skilje seg spesielt ut i landskapet.

### **Konklusjon**

Løyve til landing med helikopter vert innvilga slik det er søkt om. Forvaltar legg vekt på at transporten gjeld for eit avgrensa tidsrom i ei mindre sårbar tid på året. Det er stort vedlikehaldsbehov på bygningane og bruk av helikopter gjer at arbeidet og transport kan gjerast effektivt og innafor eit kort tidsrom. Sjølv om tal turar er høgt vurderast det likevel som meir skånsamt enn omfattande snøscootertrafikk gjennom vinteren. Forvaltar føreset at helikoptertransporten vert organisert slik at ein samstundes får frakta ved, proviant og utstyr til turisthytta for sesongen 2022, og at behovet for bruk av snøscooter komande sesong difor heilt minimalt.

Vidare varet det gjeven løyve til skifting av tak frå torvtak til tretak/planketak på hovudhytta, sovehytta og førarbu. Forvaltar legg vekt på at det på sikringsbu/anneks er planketak frå før og at skifte av taktekke på dei andre bygningane gir eit meir heilskapleg preg på bygningsmassen. Vidare er det i forvaltningsplanen kap. 2.3.5 er opna for bruk av tretak i staden for torvtak på nye bygningar. Arbeidsutvalet legg vekt på at skifte av taktekke ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Vilkår for tiltaka går frå av vedtaket.



**SØKNADSSKJEMA FOR BRUK AV HELIKOPTER I VERNEOMRÅDA**  
**i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane**

**Generelle opplysninger**

Søkar: DNT Sør

Adresse: Postboks 633

Postnummer og stad: 4665 Kristiansand S

Tlf.: 91 76 88 83      E-post: jonny.grundeland@dnt.no

**Søknaden gjeld** gnr. 4/bnr. 18. i Bygland kommune.

Helikopterselskap: Airlift

**Søknaden gjeld** (set kryss)

- Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombånd
- Dyraheio landskapsvernombånd
- Kvanndalen landskapsvernombånd/Holmevassåno biotopvernombånd
- Lusaheia landskapsvernombånd
- Vormedalsheia landskapsvernombånd
- Frafjordheiane landskapsvernombånd
- Andre verneområde .....

**Formål** (set kryss)

- jord- og beitebruk
- frakting av felt storvilt
- kalking/kultivering av vassdrag
- frakt av nødvendige materialar, brensel, utstyr og proviant til hytter og buer
- tilsyn og vedlikehald av kraftanlegg
- anna

Utdjup formålet: Vedlikehold av Gaukhei turisthytte. Skifte av tak på hovedhytte, sovehytte og førerbu. Skifte av kledning m.m. på hovedhytte. Returtransport av byggesøppel m.m. ved avslutning av prosjektet.

Takmaterialet var først planlagt som torv, slik det er pr. i dag. Etter signaler fra SVR har vi nå lagt om prosjektet, og gjennomfører med planketak. Antall løft inn med materialer reduseres da med ca. 50 %.

Antall helikopterløft inn (uke 22) = 50

Antall helikopterløft ut (uke 26) = 26

**Søknaden gjeld**

76 transporter i tidsrommet 31. mai – 2. juli.

## **Transportstrekning**

Langevatndammen (Ljosland) – Gaukhei turisthytte (**Kart med innteikna flygerute og landingspunkt MÅ leggast ved!**)

### **Andre opplysningar**

Dersom det er behov kan nærmere opplysninger om prosjektet, mengder av materialer, stillas, utstyr m.m. dokumenteres, slik at transportbehovet belyses ytterligere. Ta i så fall kontakt.

(Legg om nødvendig med fleire opplysningar og dokumentasjon.)

Stad.....Dato.....

Underskrift.....

**Søknaden skal sendast til den kommunen der ein skal lande.** Dersom transporten gjeld landing i fleire kommunar, er det nok å sende søknaden til ein av kommunane.

Søknaden vil først bli handsama av det regionale verneområdestyret etter verneforskrifta for det aktuelle området, Naturmangfaldlova og gjeldande forvaltingsplanar dersom slike er utarbeidde. Søknaden vil deretter bli handsama av den aktuelle kommunen etter Lov om motorferdsel i utmark og islagde vassdrag, eventuelle kommunale retningslinjer og Naturmangfaldlova.

- **Søknadar må sendast inn seinast tre – 3 - veker før løyvet skal takast i bruk.**
- **Legg ved godt lesbart kart med innteikna landingspunkt.**
- **Ufullstendige søknader vert returnerte.**



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47  
fmavjth@statsforvalteren.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2021/3586-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 09.04.2021

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	26/21	13.04.2021

### **Søknad om bruk av snøscooter og UTV med belte i samband med filming ved Lordehytta i Åseral kommune.**

Vedlegg:

- 1 E-post
- 2 Søknad

### **Forvalters innstilling**

Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. IV pkt. 5.1.a avslår arbeidsutvalet søknad frå H & H motor AS, om bruk av snøscooter og UTV med belte i samband med filming ved Lordehytta i Åseral kommune.

Arbeidsutvalet legg vekt på at føremålet med filmingsa ikkje fremjar marknadsføringa av verneområdet og verneverdiane slik det er lagt til grunn i forvaltningsplanen. Transporten strid også mot målsettinga i forvaltningsplanen om å avgrense motorferdsla til det som er strengt naudsynt og der verneområdestyret ønsker å vera restriktiv til å opne for nye transportbehov. Arbeidsutvalet ønsker å vera varsam med å legge til rette for filming i verneområde for sal av bestemte produkt, då dette på sikt kan føre til ein monaleg auke i motorisert ferdsel i verneområdet.



## Saksopplysninger

H & H motor v/Ola Terje Handeland har søkt om å bruke snøscooter og UTV med belte i samband med filming og fotografering ved Lordehytta 2/16 i Åseral kommune. Føremålet er å lage reklamefilm for UTV med belte som søker er forhandler av. Det er søkt om ein tur med UTV. I tillegg to snøscooterar. 6 – 8 personar skal med på oppdraget. Transportstrekninga er Røysland – Lordehytta jamfør kart nedanfor. Frå vernegrensa ved Svartevatn/Nåvatn er det om lag tre kilometer inn til Lordehytta. Det er søkt om at løyve skal gjelde for perioden 10.4.2021 – 25.4.2021.

Nemnde reklamefilm skal nyttast nasjonalt og lokalt i sosiale media. Søkar ønskjer å nytte Lordehytta som lokasjon for å få ein lokal forankring av filmen. For søker er det også eit poeng at filmen er frå ein stad som alle i nærområdet kjenner til.

Transportrute:



### Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet av 28.04.2000
- Naturmangfoldloven
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015.

### Heimelsgrunnlag

*Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernombordet* vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Foreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernombordet:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernombordet vert regulert av verneforskrifta kapittel IV kapittel 5.1.a kor det heiter at motorisert ferdsel på land er forbode.



---

For persontransport og transport av filmutstyr er det inga særskilt dispensasjonsheimel i verneforskrifta. Saka må difor handsamast som dispensasjon frå vernevedtaket etter naturmangfoldloven § 48. Etter denne bestemminga kan det gjerast unntak frå vernevedtaket om det ikkje stirr mot vernevedtakets føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

## Vurdering

### *Vurdering etter naturmangfoldloven §§ 8 - 12*

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigkeit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

### *Kunnskapsgrunnlaget (§8)*

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)), database for sensitive artar, samt frå GPS-merkeprosjektet i regi av NINA. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210).

Lordehytta ligg sør i verneområdet. Tradisjonelt har villreinen sporadisk nytta desse områda som vinterbeite. Særleg gjeld dette i vintrar der beitene i høgheia langer nord isar ned. Villreinens bruk av områda må sjåast i samanheng med at totalbestanden i mange år har vore mindre enn før. Ulike ferdselshindre lenger nord kan også spele inn. Det er ikkje observasjonar av villrein kring Lordehytta dei seinare år, men både vinteren i 2008, 2020 og 2021 var det villrein om 3.5 kilometer nord og vest for Lordehytta.

Ut frå kjend kunnskap er det ikkje andre særleg sårbarer artar i områda som vert råka av transporten. Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert difor tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

### *Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML)*

Lordehytta er ein kjend attraksjon og kulturminne i Åseralsheiane. Sommar og vinter er det ein god del ferdsel inn til Lordehytta til fots og på ski. Dei fleste følgjer då dalføret vestover frå Nåvatn. Her går det også ein umerka sti. Anna ferdsel til fots er i første rekke knytt til jakt, fiske og sinking og tilsyn av sau.

Det er fleire driftshusvære i denne delen av heia og gjennom vinteren er det ein god del snøscootertransport til desse. Det er også ein del bruk av helikopter, blant annet til Lordehytta der det årleg vert gjort mykje vedlikehaldsarbeid. År om anna har lokale organisasjonar fått løyve til å arrangere velferdstur med snøscooter til Lordehytta. Tal snøscooterar har då vore 20 – 30 stk.

Ut frå rapportar frå Statens Naturoppsyn veit ein at det er eit stort omfang av ulovleg snøscooterkjøring i områda kring Lordehytta.

Etter forvaltar si vurdering er den samla belastninga på området høg. Transporten har eit avgrensa omfang og ulempa er i første rekke knytt til støy av forbigeåande karakter. Det er likevel viktig at en ikkje berre ser på den aktuelle transporten isolert sett, men har eit langsigtig og heilskapleg perspektiv på motorisert ferdsel i områda.



---

*Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)*

Forvaltar syner her til vurdering etter naturmangfoldloven § 48 nedanfor.

#### *Vurdering etter naturmangfoldloven § 48*

Ein føresetnad for å kunne gi dispensasjon etter denne paragrafen er at tiltaket ikkje stirr mot vernevedtakets føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Først når både vilkåra er oppfylt kan forvaltningsstyresmakta vurdere å gi dispensasjon.

Løyve til motorisert ferdsel til filming og medieføremål er omtala i forvaltningsplanen kap. 2.4.3. Utgangspunktet er at slike saker må vurderast konkret og strengt i kvart tilfelle. Vidare går det fram at slike dispensasjoner bør avgrensast til oppdrag som fremjar marknadsføring av verneområda og verneverdiane. Forvaltar kan ikkje sjå at dette er tilfelle for transporten det er søkt om. Søknaden gjeld reklamefilm for eit fysisk produkt som ikkje har noko særskilt kopling til verneområdet og verneverdiane. Det er forståeleg at bruk av området ved Lordehytta som kulisse i reklamesamanheng kan vera freistande. Forvaltar vil likevel legge vekt på at det er fullt mogleg å legge filmlokasjonen utanfor verna område der restriksjonsnivået er lågare.

For utan dei særskilde sakene for Kjerag er det tidlegare handsama enkelte saker som gjeld filming andre stader i verneområda. I 2017 fekk turistkontoret for Lindesnesregionen løyve til å nytte snøscooter i samband med filming i området Skoræ – Lakkenstova på Ljosland i Åseral kommune. Føremålet var marknadsføring av fine område i regionen og det var knytt opp til arbeidet med sertifisering av regionen som eit berekraftig reisemål. Med unntak av turen opp på Skoræ følgde ruta preparerte skiløyper. Ei anna sak ligg til handsaming i arbeidsutvalet i møte 13.4.2021. Denne gjeld filming som etter forvaltar sitt syn marknadsfører verneområdet og det enkle friluftslivet på ein positiv måte.

Som det går fram av vurderingane etter paragrafane 8 – 12 i naturmangfoldloven ovanfor, vil ikkje transporten isolert sett kunne skade verneføremål eller verneverdiane. Etter forvaltar sitt syn skal ein likevel vera varsam med å legge til rette for filming der verneområde blir kulisse for sal av bestemte produkt. På sikt kan dette føre til ei utvikling der ein rekke produsentar og leverandørar vil söke dispensasjon frå forbodet mot motorisert ferdsel. Forvaltar syner her også til målsetning i forvaltningsplanen kap. 2.4.2 om å avgrense motorferdsla til det som er strengt naudsyn. Vidare at verneområdestyret ønskjer å vera restriktiv når det gjeld å opne for nye transportbehov.

## **Konklusjon**

Søknaden vert avslått. Føremålet med filmingsa fremjar ikkje marknadsføringa av verneområdet og verneverdiane slik det er lagt til grunn i forvaltningsplanen. Den strid også mot målsettinga i forvaltningsplanen om å avgrense motorferdsla til det som er strengt naudsynt og der verneområdestyret ønskjer å vera restriktiv til å opne for nye transportbehov. Vidare vert det lagt vekt på at ein bør vera varsam med å legge til rette for filming i verneområde for sal av bestemte produkt, då dette på sikt kan føre til ein monaleg auke i motorisert ferdsel i verneområdet.

Fra: Haug, Jørn Trygve[fmavjth@statsforvalteren.no]  
Sendt: 09.04.2021 09:27:10  
Til: Haug, Jørn Trygve  
Tittel: VS: Søknad om løyve

---

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Øla Terje Handeland <oth@hhmotor.no>  
Sendt: tirsdag 6. april 2021 13:59  
Til: Sødergren, Guro <fmavgso@statsforvalteren.no>  
Emne: Fwd: Søknad om løyve

Hei sender etter avtale med Øyvin Molturnyr en søknad om en enkelt dagstur fra Røysland inn til Lordehytta i Setesdal Vesthei/Ryfylkeheiane landskapsverneområde for filming og bildetaking til en reklamefilm for UTV som vi prøver og få til en lokal forankring i og Lordehytta er et sted som alle i nærområdet kjenner til.  
Skulle det være noe du mangler eller ikke kan lese i søknaden er det bare og ta kontakt pr tlf.

Vennlig hilsen

Ola Terje Handeland  
916 30 848  
hhmotor.no  
H&H Motor AS

----- Videresendt melding -----

Fra: "Ola Terje Handeland" <oth@hhmotor.no>  
Til: "Ola Terje Handeland" <oth@hhmotor.no>  
Sendt: Tirsdag, 6. April 2021 13:49:58

FELLES SØKNADSSKJEMA FOR MOTORISERT FERDSEL I OG UTANFOR  
VERNEOMRÅDA  
I ROGALAND, AUST OG VEST AGDER FYLKE.

Generelle opplysninger

Søkar... *H&H MOTOR AS*

Adresse... *Daleveien 1513*

Postnummer og stad... *4544 FOSSDAL*

Tlf. *916 30848* E-post. *OTHO@HAMOTOR.NO*

Kva type transport er det du søker om? (sett kryss)

- helikopter
- snøskuter
- noko anna motorisert (kva?) *UTV på Belte*
- Søknaden gjeld IKKJE innan verneområde**

Søknaden gjeld for følgjande verneområde? I så tilfelle sett kryss

- Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombra
- Dyraheio landskapsvernombra
- Kvanndalen landskapsvernombra/Holmevassåno biotopvernombra
- Lusaheia landskapsvernombra
- Vormedalsheia landskapsvernombra
- Frafjordheiane landskapsvernombra
- Hovden landskapsvernombra
- Steinbuskardet- Hisdal biotopvernombra
- Holmevassåno biotopvernombra
- Vidmyr naturreservat
- Lislevatn naturreservat
- Ljosdådalen naturreservat

Søknaden gjeld gnr. *2* /bnr. *16* i *Aærel* kommune.

Er søker hjemmelshaver på eiendommen  ja  nei. Viss nei, må skriftlig leieavtale legges ved.  
Ligg det føre andre løyver til motorferdsel på eigedommen?

- skal det leigast inn ein anna person som skal utføra transporten for deg sett kryss og skriv namn på transportøren.....

Gjeld søknaden for andre personar i nærmeste familie? Før i så fall opp namn og kva relasjon dei har til søker (det vert maksimalt gjeven løyve til eitt køyretøy pr. tildelt tur)

### Formål

Utdjup formålet (tal transportar og periode, det kan maksimalt gjevast løyve for fire år med inntil 8 transporter pr. år med snøskuter (dette gjeld for verneområda og løyvet følger kommunestyreperioden)

Filming og bildeholing av UTV når belter med  
Lordehytta som bakgrunn for reklamefilm.  
10.04.2021 - 25.04.2021 I fer med UTV og 2 snøskuter  
og 6-8 personer

Transportstrekning (startpunkt og endepunkt, kart må leggast ved)

Røysland - Lordehytta

### Andre opplysningar

Formålet med baren er og får satt bildet med Lordehytta  
Som bakgrunn for en reklamefilm først 2021 skal gå nasjonalt  
og lokalt i sosiale medier

(Legg om nødvendig med fleire opplysningar og dokumentasjon)

Stad: Åsane Dato: 06.04.2021  
Underskrift: Ole Verf Røysland

**Søknaden skal sendast til den kommunen der transporten skal gjennomførast.** Dersom transporten går gjennom fleire kommunar, er det nok å sende søknaden til ein av kommunane.

Søknaden vil først bli handsama av det regionale verneområdestyret etter verneforskrifta for det aktuelle området, Naturmangfaldlova og gjeldande forvaltingsplanar dersom slike er utarbeidde. Søknaden vil deretter bli handsama av den aktuelle kommunen etter Lov om motorferdsel i utmark og islagde vassdrag, kommunale retningslinjer og Naturmangfaldlova.

- Søknadar må sendast inn seinast tre – 3 - veker før løyvet skal takast i bruk.**

[www.svr.no](http://www.svr.no)

**Søknad sendast direkte til kommunen landings/køyringa skal finne sted.**

**Kommunen vil deretter sende søknaden til oss.**




# Utskrift fra Norkart AS kartklient

Dato: 06.04.2021

Målestokk: 1:50000

Koordinatsystem: UTM 32N





# Verneområdestyret Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

**Postadresse**  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Kommunehuset, 4440 Tonstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47 38 17 62 03  
[fnavgso@statsforvalteren.no](mailto:fnavgso@statsforvalteren.no)  
[www.svr.no](http://www.svr.no)

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2021/3373-0

Saksbehandler: Guro Sødergren

Dato: 08.04.2021

**U.off. jf.offl. § 13, jf. fvl. § 13**

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	27/21	13.04.2021

## Søknad om dispensasjon til

## **landskapsvernområde, l**


## Forvalters innstilling


**Søknaden er innvilget med disse vilkårene:**




## Saksopplysninger

### Bakgrunn for søknaden






Formell bakgrunn for vurdering og vedtak








## Vurdering






Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane





## Konklusjon





**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Garaneset, 4230 Sand

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47

[www.svr.no](http://www.svr.no)

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2021/3564-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 08.04.2021

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	28/21	13.04.2021

## **Søknad om dispensasjon til utplassering av basestasjonar for sporingsbjøller til sau i Dyraheio landskapsvernområde, Suldal kommune - Jon-Inge Vetrhus/Bråtveit beitelag**

### **Forvalters innstilling**

Med heimel i kapittel III og kapittel IV, punkt 1, bokstav b i Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde, får Jon-Inge Vetrhus og Bråtveit sankelag dispensasjon til å utplassere inntil fire basestasjonar for sporingsbjøller til sau.


Basestasjonane skal plasserast på Hellefjell, Austre Kaldefjell, Aslaknuten og Kvannibbo i samsvar med kartet i vedtaket. Ved plassering meir enn 200m frå oppgitt punkt på kartet skal SVR ha melding om dette.

Basestasjonane er relativt små og den negativ innverknaden på landskap og naturmangfold er derfor avgrensa. Det leggast og vekt på at basestasjonane har stor nytteverdi og at dei lett kan fjernast frå verneområde når dei ikkje lenger er i bruk.

Dispensasjonen blir gjeve med desse vilkåra:

- Det må innhentast nødvendige løyver frå grunneigarar og Suldal kommune
- Basestasjonane skal ikkje ha ei samla høgde som overstig 3m
- Antenne og solcellepanel skal ha ei overflatebehandling som ikkje gir gjenskin i sollys
- Søkar skal fjerne basestasjonane frå verneområdet når dei ikkje lenger er i bruk
- Bruken av basestasjonane skal om mogleg samordnast med tilgrensande sankelag
- Det må søkast om eigen dispensasjon om det basestasjonane skal utplasserast ved hjelp av helikopter
- Dispensasjonen til utplassering gjeld fram til 13.04.2024

GPS-data om sauens arealbruk under beiting kan ha mange bruksområde innanfor forsking og forvaltning, og vi vil derfor oppmoda søker om å ta vare på slike data og dele dei med andre.



## Saksopplysninger

AU skal i denne saka ta stilling til om Jon-Inge Vetrhus og Bråteit sankelag skal få dispensasjon til å utplassere fire basestasjoner for sporingsbjøller til sau i Dyraheio landskapsvernområde. Dette vil truleg være den første av fleire liknande søknadar både i Dyraheio og andre av verneområda.

## Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad datert 06.04.2021.

Jon-Inge Vetrhus og Bråtveit sankelag søker om dispensasjon til å utplassere fire basestasjonar som skal ta inn signal fra sporingsbjøller til sau. Sankelaget vil i år kjøpe inn 165 bjøller, men målet er etterkvar å ha sporingsbjøller på alle sauane. Sporingbjøllene er av typen Gjetargut som sender signal til basestasjoner som står på stadar med 4G telefondekning. Ved utplassering av basestasjonar på dei fire toppane Hellefjell, Austre Kaldefjell, Aslaknuten og Kvannibbo, vil nær 100% av det aktuelle beiteområde være dekkta.

Søkar oppgir at basestasjonane er maksimalt 2m høge, og at dei består av ei mast med antennepinne og solcellepanel, samt ein liten boks med batteri som står på bakken.

På produsenten si nettside finn ein desse bileta av basestasjonane.



#### Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde med biotopvern av 26.09.1997
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldslova

#### Heimelsgrunnlag

Dyraheio landskapsvernområde med biotopvern vart oppretta ved kongeleg resolusjon 26.09.1997. I kapittel III i verneføreskrifta heiter det at "*Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv med m.a. bergjunker, verdifulle stølsområde og beitelandskap, eldre og nyare kulturminne etter støling, heibeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa*".

Byggetiltak i verneområdet blir regulert av verneforskrifta kapittel IV, punkt 1.1, bokstav a. Her heiter det at det ikkje må gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverke på landskapet sin art eller karakter, og "*oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar .....*" er særskilt nemnt. Vidare heitar det i kapittel IV, punkt 1.3, bokstav b, at forvaltningsstyresmakta på nærmere vilkår kan gje løyve til "*Nydyrkning, oppføring av bygningar og anlegg tilknytt landbruksdrift når planane er godkjende av landbruksstyresmakta*".

Omsøkte tiltak kjem etter vårt syn inn under kapittel IV, punkt 1.1, bokstav a i verneføreskrifta, og krev derfor dispensasjon etter kapittel IV, punkt 1.3, bokstav b, for å kunne gjennomførast. Det leggast og til grunn at "landbruksstyresmakta" i denne samanheng er Etat for bygdeutvikling i Suldal kommune. Dette er og i tråd med tidlegare sakshandsaming etter denne heimelen i verneføreskrifta for Dyraheio landskapsvernområde.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Dyraheio landskapsvernområde.

Forvaltningsplan for SVR omtaler kommunikasjonsanlegg i kapittel 2.3.4 på side 30. Her går det mellom anna fram at:

«*Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til bygging av ulike kommunikasjonsanlegg. Antenneanlegg og linkstasjonar skal så langt det er råd samlokalisera, og primært byggast der det er slike anlegg frå før. Om mogleg skal slike anlegg lokalisera utanfor verneområda.*»



## Vurdering

### Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigkeit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

### Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Dei aktuelle stadane for basestasjonane ligg om lag 1110-1470 moh i eit ope storkupert høgfjellslandskap. Vegetasjonen i området er skrinn og består av lav, gras og lyngartar. Det er og mykje bart fjell.

Desse delane av Dyraheio blir ein del brukt av villreinen på ulike tider av året. Resultata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011) og nyare GPS-data frå [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no) (2011-2019), viser og at det har vore villrein på alle dei fire toppane om vinteren (desember-mars). Når det gjeld barmarkssesongen (juni-oktober) er det berre registrert GPS-plott på Aslaknuten og Austre Kaldefjell. I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det ikkje registrert faste villreintrekk nær dei fire toppane.

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)) og tilsvarende informasjon i Temakart Rogaland. Så langt forvalningsstyretema kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjon om prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk rødliste for arter 2015 eller andre verdifulle arter i det aktuelle området. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2011 eller andre verdifulle naturtypar. Det er heller ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)). Det er ikkje registrert kulturminne i nærleiken som kan ta skade av det omsøkte tiltaket.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvalningsstyretema kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det er ikkje andre tekniske inngrep i nærleiken av dei Hellefjell, Austre Kaldefjell og Aslaknuten. Ved Kvannibbo går det ei 420kV kraftlinje om lag 200m sørvest for der basestasjonen er tenkt sett opp. Det er svært lite ferdsel på dei fire toppane og det er ikkje gitt løyper til motorferdsel på desse stadane.

Utsetting av basestasjonane vil medføre tekniske inngrep på elles urørte stader. Samstundes er basestasjonane relativt små, og derfor ikkje synlege på lang avstand sjølv om dei er plassert høgt i terrenget. Basestasjonane er heller ikkje permanente inngrep da dei lett kan fjernast når dei skal brukast lenger. Basestasjonane vil truleg ikkje ha nemneverdig negativ innverknad på villrein eller anna vilt.

Å kunne GPS-spore sau på beite vil heilt klart spare sankelaga for mykje arbeid med tilsyn og samling. Dette er derfor ein teknologi er må rekne med at fleire sankelag vil ta i bruk dei kommande åra. Dette vil da medføre behov for tilsvarende basestasjonar på mange fjelltoppar. Vedtaket i denne saka vil derfor ha presedensverknadar.



Etter verneområdeforvaltar si vurdering vil dei fire basestasjonane det er søkt om berre ha ein avgrensa negativ innverknad på landskap og naturmangfald. I denne vurderinga leggast det særleg vekt på at dei tekniske installasjonane er små samstundes som dei er midlertidige. Etter verneområdeforvaltar si vurdering vil ein kunne rekne med søknadar om til saman 20 slike basestasjonar dei neste tre åra. På lengre sikt vil det truleg bli ennå fleir, men det er og mogleg at ny teknologi gjer snart vil gjere slike basestasjonar overflødige. Sjølv om det skulle komme opp så mange som 20 slike basestasjonar, vil den samla belastninga dei utgjer framleis være låg. Ein bør likevel prøve å avgrense talet på basestasjonar så mykje som råd. Det blir derfor stilt vilkår om at basestasjonane og skal kunne brukast av tilgrensande sankelag dersom teknologien gjer det mogleg.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. Utsetting av basestasjonar for GPS-sporing av sau er eit nytt tiltak i verneområda. Det er samstundes ingen tvil om at dette er eit tiltak som vil lette arbeidet for sankelaget. Betre kunnskap om sauen sin arealbruk under beiting, vil og være av stor interesse for forsking innanfor tema som økologiske effektar av sauebeite og samspelet mellom sau og villrein. Basestasjonane er plassert på stader kor den negative innverknaden er avgrensa.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

### Konklusjon

Utpllassering av dei fire basestasjonane vil berre i liten grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Dyraheio landskapsvernombord. På grunn av presedensverknadane vil tiltaket til ein viss grad være i strid med verneføremålet. Presedensverknadane blir ikkje vurdert til å være så omfattande at det ikkje kan gis dispensasjon til tiltaket.


### Vedlegg

JV tir. 06.04.2021 17:39  
Jon-Inge Vethus <ji.vethus@hotmail.com>  
Kart over tenkte basestasjonar i forbindelse med sporing av sau/storf. (Bridtveit sankelag)

Til: Ødden, Alf  
Kop: gho@statkog.no  
Du svarte på meldingen 07.04.2021 09:03.

Simulering gjettargut.pdf 2 MB

Hei  
Syner til telefonamtale tidlegare då me blei einige om at eg skulle sende ut kart over kvar me hadde tenkt å setje ut basestasjonar som skal ta inn signaler for nye spøringsbjøller. I Bråteit sankelag vil me dette første året gå til innkjøp av 165 bjøller. Antal bjøller vil nok auke med åra, og til slutt er målet å ha sporing på samtlige sauar.  
Bjellene me går til innkjøp av er av typen Gjetargut. Desse nytta seg av Lofa teknologi, og sender til basestasjonar som står i telefondekning med 4g.  
Me har køyrt flere simuleringar og funne ut at omtrent 100% av vårt bætemråde blir dekkta ved å ha basestasjonar på Hellefjell, Kålefjell, Adaknuten og i heime enden av Kvannibbo. Punkta i kartet kan avvike litt i forhold til kor det er best eigna til å montere stasjonene.  
Stasjonane er ikkje høge (1,5- maks 2 meter). Består ei mast med antennen og solcellepanel, og ein liten boks på bakken som inneheld batteri og elektronikk.  
Del lilla prikkane på kartet er tenkte basestasjonar.  
Mvh  
Jon-Inge Vethus



**AU 29/21 Eventuelt**